

Forum for natur og friluftsliv Agder
Postboks 101
4662 Kristiansand
e-post: agder@fnf-nett.no

Kristiansand, 15.02.17

Bykle kommune
Sarvsvegen 14
4754 Bykle
e-post: postmottak@bykle.kommune.no

Innspel til oppstartvarsel av planarbeid og høyring av forslag til planprogram for revisjon av kommunedelplan for tur- og skiløyper, Bykle kommune

Generelt

FNF Agder er positive til revisjon av kommunedelplan for tur- og skiløyper i Bykle kommune, og at den skal innarbeidast også i kommuneplanen. Bykle kommune har store, regionalt viktige friluftslivsområde med svært mange tilreisande, både sommarstid og vinterstid. I Bykle kommune finn ein også viktige areal for villreinen, som er ein art Norge har internasjonalt ansvar for å ta vare på. Også andre arter, både plantar, dyr og landskap, er verna.


Gjennom arbeidet med revisjonen kan ein få kartlagt korleis ferdsel verker inn på interessa i verneområda, og ein kan få laga gode tur- og skiløyper som kan gje tilgang til friluftslivsområda utan å gå på kostnad av naturmangfaldet.

Innspel til planprogrammet – Innhald og verknad av planen (kap.2)

FNF Agder støtter kommunens forslag til hovudtema, og er glad for at det leggjast vekt på kartlegging av dagens bruk, kartfesting og kanalisering. FNF Agder meiner at naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv i nærområda til både fastbuande og tilreisande kan vere aktuelt. Men ferdsel kan vere eit konfliktområde i forhold til villrein, og det må vere ein viktig faktor å ta med seg i det vidare arbeidet i alle hovudtema. Når det gjeld sykkel, så viser undersøkingar at det kan føre til stor belastning på vegetasjon (NINA-rapport 1288 <http://www.miljodirektoratet.no/Global/NINA%20Rapport%201288.pdf>). I planarbeidet må ein ha mange tankar i hovudet samtidig, slik at ein finn gode løysningar for både friluftsliv og naturmangfald.

Innspel til planprogrammet – Organisering av planprosessen og medverknad (kap.6)

FNF Agder er glad for at kommunen ynskjer samarbeid med fleire aktørar. Organisasjonane i FNF Agder ynskjer å bidra til ein god plan på dei områda der det kan vere aktuelt. Aust-Agder Turistforening og DNT Sør kan vere særleg aktuelle samarbeidsaktørar.



Innspel til planprogrammet – Framdrift (kap.7)

Bykle kommune legger opp til ein framdriftsplan på under eit år. FNF Agder er glad for at det er planlagt eit folkemøte i planprosessen, kor både innbyggjarar og hyttefolk kan få informasjon, stille spørsmål, og komme med innspel. FNF ynskjer at offentleg ettersyn av plandokumentet leggjast ut i god tid før ferien, helst i byrjinga av mai, slik at interesseorganisasjonane får god tid til å sjå på planen.

Camilla Moseid
Koordinator i FNF Agder

for organisasjonene:

4H Agder

Agder botaniske forening

Aust-Agder Turistforening

DNT Sør

Naturvernforbundet Vest-Agder

Norges jeger- og fiskerforbund Aust-Agder

Norsk zoologisk forening Sørlandsavdelingen